

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
28.10.2024 24/14163- 3 Geir Fjørtoft

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	
	Kompetanse- og næringsutvalet	
	Kultur- og folkehelseutvalet	
	Fylkesutvalet	
	Fylkestinget	

Økonomiplan med handlingsprogram 2025-2028 med budsjett 2025

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Økonomiplan med handlingsprogram for 2025-2028 med budsjett for 2025 for Møre og Romsdal fylkeskommune vert vedteke i samsvar med løyvingsoversikt i kapittel [Forskriftsskjema](#) i økonomiplanen.

Driftsbudsjett for 2025 (første år i økonomiplanperioda) vert vedteke i samsvar med følgjande forskriftsskjema:

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Investeringsbudsjett for 2025 (første år i økonomiplanperioda) vert vedteke i samsvar med følgjande forskriftsskjema:

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

2. Fylkestinget pålegg kvar budsjettansvarleg instans i Møre og Romsdal fylkeskommune å leggje opp drifta i 2025 innafor dei budsjetttrammer fylkestinget har vedteke og innrette drifta etter dette på byrjinga av året.

3. Fylkestinget tek opp 687,2 mill. kroner i lån i 2025 til finansiering av investeringar, jf. kommunelova 14-15, 1. ledd. Det skal betalast avdrag på låna som svarar til berekna minimumsavdrag, jf. kommunelova 14-18.
4. Fylkeskommunedirektøren legg fram sak om sal av eigedomar som ikkje lenger skal brukast til fylkeskommunen sitt formål for fylkesutvalet.
5. Fylkestinget fastset takstar for betalande vaksne pasientar i den offentlege tannhelsetenesta som ledd i budsjettbehandlinga. Takstane skal ikkje vere lågare enn i den private tannhelsetenesta for å unngå konkurransevriding. Takstane aukast frå 1. januar 2025 svarande til prisstiginga.
6. Fylkestinget fastsett takstar for kollektivtrafikken som ledd i budsjettbehandlinga. Takstane for buss og hurtigbåt aukast frå 1.januar 2025 svarande til kommunal deflator.
7. Etter vedtak om innsparingar i rutetilbodet, får samferdselsutvalet fullmakt til å gjennomføre rutejusteringar for å harmonisere kollektivtilbodet.
8. Tingvoll vidaregåande skole blir nedlagt frå 01.08.2025.
9. Stranda vidaregåande skule og Sykkylven vidaregåande skole blir slått saman frå 01.08.2025.
10. Hustadvika vidaregåande skole - avvikle tilbodet Studiespesialisering og YSK (yrkesfagleg og studieførebuande kompetanse) frå 01.08.2025.
11. Når det av fylkeskommunen sine midlar, eller midlar fylkeskommunen står som formidlar av, blir ytt tilskot mv. til offentlege og private verksemd som elles ikkje er underlagt fylkesrevisjonen sin kontroll, skal det, dersom ikkje anna er fastsett, overfor mottakaren takast atterhald om at den som yter tilskotet mv. eller fylkesrevisjonen, skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert brukt etter føresetnadane.
12. Fylkesutvalet får fullmakt til å gjere dei endringar i budsjettet som må til for å ta omsyn til lover, regler, overordna vedtak og tariffavtalar som ein ikkje har hatt kjennskap til ved utarbeidinga og behandlinga av budsjettet.

Bakgrunn

Fylkeskommunedirektøren legg med dette fram for hovudutvala og fylkesutvalet framlegg til Økonomiplan med handlingsprogram 2025-2028 med budsjett for 2024.

Link til [Økonomiplan med handlingsprogram 2025-2028, med budsjett 2025](#)

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Gunn Randi Seime
ass. fylkeskommunedirektør

Vedlegg

A. Innsparingstiltak drift

B. Alternative innsparingstiltak drift

Vedlegg - rutekutt A8.12 Buss

Vedlegg - rutekutt A8.1-A8.3 Ferje

Strukturendringar for den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal (002)

Prioriterte og ikke prioriterte investeringer Samferdsel (i prioritert rekkefølge)

Sentrale kontrollorgan - økonomiplan 2025-2028 med budsjett for 2025